

Brynhild er sint på Kunstgarasjen del 1 og 2:

E-post:

Hei

Eg trekk mitt medlemsskap i Kunstgarasjen. Vedlagt finn de foto av årsaken til at eg ikkje vil vere medlem. Dette kan eg ikkje stå inne for.

Kunst er mitt hovudspråk, og om kunst skal redusereast til design, eller sidestilla med det å kjøpe seg eit møbel, så vil ikkje eg drive med kunst. I første omgang betyr det at eg trekk meg frå mitt medlemsskap hjå dykk, så satsar eg heller på ein arena kor ein anerkjenner kunst som eit språk og ikkje reduserer det til banale pynteobjekt. Slik eg ser det, er kunst og design to visuelle motsetnader som skal haldast så langt borte frå kvarandre som det går an, På same måte som ikkje alle oppvaskmaskinar er kunst, er heller ikkje alle maleri kunst. Design er viktig fordi det er viktig at folk har pynt på veggene sine, og det er synd om kunst skal reduserast til pynt for å fylle denne rolla. Det å jobbe med å bryte ned grensene mellom kunst og design, er med på å drepe kunsten som språk.

Det var triveleg å bli invitert, men dette er ikkje noko eg kan stå inne for eller vil bli assosiert med. Difor vil eg ikkje vere medlem i Kunstgarasjen lenger

Mvh

Brynhild

Etter at eg sendte overståande e-post, valgte dei å fjerne bilete og teksten frå instagram. Kanskje betyr det at de ikkje kan stå inne for dette sjølv heller?

Eg vil tilføye at eg ikkje har noko imot salg av kunst, men eg har store problem med at kunst blir redusert til pynt i eit forsøk på å auke salget, eller nå eit større publikum. Om målet er å nå eit større publikum, bør ein ikkje undervurdere intelligensnivået til folk ved å unnlate å snakke om at kunstnaren har tankar som ligg bak kunstverket. Ein bør heller formidle innhaldet i kunsten slik at fleire kan oppleve at det har relevans. Opne opp innhaldet på ein måte som gjer at alle kan reflektere vidare kring det, på sine egne premiss. Og om ein opnar opp for at fleire kan få eit lite innblikk i tematikken, vil kunsten opplevast som meir relevant for fleire.

Under: foto frå nedre del av innlegget dei sletta frå instagram.



tendens_messe_magasin • Følg ...
Kunstgarasjen

mennesker.

Folk må modnes og tidsånden vi lever i gir absolutt grunn til å tro at kjøp av kunst etterhvert kan likestilles med kjøp av et møbel.

Kvelden var i regi av Tendens Social.

Lyst til å bli medlem 2019?

Kontakt: trude@conseptnord.no

/

/

#tendenssocial

#tendensmesseogmagasin #debatt

#kunst #design #inspiraton

#interior4all #kunstgarasjen

#kunsttilfolket #interior #interiordesign

#innredning #bergen

#dinlokaleinteriørguide

42 u



35 liker

24. OKTOBER 2018

Logg inn for å like eller kommentere.